



Roar Angelskår
Hodnesdalsvegen 153
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/498 - 18/6718

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@lindas.kommune.no

Dato:
28.02.2018

Landbrukssak Gbnr 197/3,4 196/2 195/5 Hjelmås - Søknad om tilskot til drenering

Administrativt vedtak: **Saknr:**
Eigedom: Gbnr.: 195/5 196/2 197/3 og 197/4
Søkjjar: Roar Angelskår

Saka gjeld

Saka gjeld søknad om tilskot til drenering av tidlegare dyrka jord på gbnr 195/5 196/2 197/3 og 197/4i Lindås kommune. Søknaden gjeld 548 meter med grøfter for å få drenert dette arealet.

Det vert elles vist til søknad datert 09.02.2018 og kart med grøfteplan i målestokk 1:750.

Vurdering

Kommunen har handsama søknaden etter *Forskrift om tilskot i drenering av jordbruksjord* fastsett av Landbruksdepartementet 25.06.2013 med endring frå 01.07.2017.

Arealet har no vorte vassjuk mark og har behov for vedlikehald/fornyng av grøftene. Med grøfting vil ein i tillegg til å betra vilkåra for maskinell hausting også betra jordkvaliteten og dermed auke avlinga. I NIBIO sitt gardskart er arealet registrert som fulldyrka og overflatedyrka mark.

Utrekning av tilskot

Tilskotet til drenering av jordbruksjord, avgrensa til systematisk grøfting, profilering og omgraving utgjer 2000 kroner per dekar. Ved anna grøfting er satsen 30 kroner per løpemeter grøft berekna opp til 2000 kroner/dekar. Berekna tilskot til under 3000 kroner per søknad skal ikkje utbetalast.



Forholdet til kulturminner

Så langt vi har kunna undersøkje så vil tiltaket ikkje koma i konflikt eller ha verknad på registrerte kulturminne i området.

Dersom ein finn/avdekkjer automatisk freda kulturminner under dreneringsarbeidet, skal den som gjennomfører tiltaket stoppe arbeidet og kontakte regional kulturminneforvaltning. Den som gjennomfører tiltaket, er ansvarlig for eventuelle skader på kulturminner. Dette følgjer av kulturminnelova. Dette gjeld sjølv om kommunen har gitt vedtak om tilskot.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i Forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord § 1 og 4 vert det løyvd kroner 16 440,- til drenering på gbnr. 195/5 196/2 197/3 og 197/4 på følgjande vilkår:

- Tilskotet kan verta trekt inn dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnad for ordninga jf. § 10, t.d. vesentleg skade på annan eigedom, biologisk mangfald, automatisk freda kulturminne, eller forureining.
- Innvilga tilskot vert utbetalt etter at tilskotsmottakar har dokumentert at tiltaket er gjennomført.
- Tilskotet vert utbetalt til konto nr. 9365 22 24510
- Førespurnad om utbetaling skal sendast kommunen
- Er tilskotet over 10.000 kroner kan ein gjera delutbetaling av inntil 75% av innvilga tilskot tilsvarande arbeid som er gjort.
- I søknad om sluttutbetaling skal det gjennom dokumentasjon syna at tiltaket er gjennomført. (rekneskap og timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpte materialar og gjerne foto dokumentasjon)

Løyvinga er eit eingongstilskot.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl), jf. § 12 i forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått

avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Frist

Fristen for gjennomføringa av tiltaket er 3 år, jf. § 5 i forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Øystein Hafnor Kolstad

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om tilskot til drenering av jordbruksjord - gbnr 195/5, 196/2,197/3 og 197/4

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310 5020

Bergen

Mottakarar:

Roar Angelskår

Hodnesdalsvegen 5915
153

HJELMÅS